



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Helse- og omsorgsutvalg

**Møtested:** Formannskapssalen, 3. etg.

**Møtedato:** 10.05.2016

**Tidspunkt:** 13:00 - 15:50

**Til behandling:** Saksliste nr. 013/16 - 017/16

#### Medlemmer:

- H - Ørjan Kvalheim (Leder)
- V - Mona Alvestad (Nestleder)
- AP - Roger Bernt Silden (Medlem)
- FRP - Sølvi Karin Grov (Medlem)
- SP - Betty Lovise Hessevik (Medlem)
- TVLV - Sølvi Lofnes Bakke (Medlem)

#### Varamedlemmer:

- H - Stian Garnes (Varamedlem)

#### Forfall:

- KRF - Ellen Synøve Prestvik (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 7.

Fra administrasjonen møtte: kommunalsjef Jeanette Jensen.

Måløy, 10.05.2016

Ørjan Kvalheim  
leder Helse- og omsorgsutvalget

Irene Sivertsen  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
013/16	Godkjenning av møteprotokoll	
014/16	Referatsaker	
015/16	Framlegg til delavtaler Vågsøy kommune og Helse Førde HF til slutthandsaming	
016/16	Seksuelle overgrep og vold i nære relasjonar. Organisering og finansiering av hjelpetilbod	
017/16	Drøftingssak - Videre drøfting av dagsenter for eldre på Skaretun og Bryggja	

### Merknad til saklisten:

Helse- og omsorgsutvalget vedtok å behandle HO-sak 017/16 *Drøftingssak - Videre drøfting av dagsenter for eldre på Skaretun og Bryggja* først i møtet.

### Kommende orienteringer:

Kommunalsjef Jeanette Jensen og tjenesteleder Plan og utvikling, Janne Midtbø, vil på et av de første møtene etter sommerferien orientere om Kommuneplanens arealdel og Boligsosial handlingsplan.

Utvalget vil også i et av møtene få orientering om Rusmiddelpolitisk handlingsplan.

### Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte om følgende:

- Sjumilssteget
- Legesituasjonen
- Orientering fra barnevernet på møte 07.06.2016
- Avlastningsbolig på Kulen ferdig november 2016
- Planarbeidet
- Informasjonsmøte 70 år

### Orientering 10.05.2016:

Kommunelege I Trond Inselseth orienterte om vold i nære relasjoner.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	10.05.2016	013/16

<b>Endelig vedtak i:</b> Helse- og omsorgsutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 16/664	<b>Saksansvarlig:</b> Irene Sivertsen
-----------------------------------------------------	-------------------------------	------------------------------------------

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 10.05.2016 Helse- og omsorgsutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

HS-013/16

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 08.03.2016 ligger i Politikerportalen og på kommunens hjemmeside.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	10.05.2016	014/16

<b>Endelig vedtak i:</b> Helse- og omsorgsutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 16/663	<b>Saksansvarlig:</b> Irene Sivertsen
-----------------------------------------------------	-------------------------------	------------------------------------------

### Referatsaker

#### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

#### 10.05.2016 Helse- og omsorgsutvalg

##### Møtebehandling:

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte om de ulike referatsakene.

##### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-014/16

##### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

#### Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	16/3082	07.03.2016	Folkehelseavdelinga Flora kommune	Årsrapport 2015 frå Folkehelseavdelinga, Flora kommune
2	16/3609	17.03.2016	Senter mot incest og seksuelle overgrep - Sogn og Fjordane (Smiso SF)	Årsmelding 2015
3	16/4141	01.04.2016	Det kongelige justis- og beredskapsdepartem entet	Beredskapsråd og vold i nære relasjoner
4	16/3516	15.03.2016	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Vedtak om nye 110-regioner og samlokalisering av nødmeldingstjenesten
5	16/3784	14.03.2016	Helsedirektoratet	Ny veileder for psykososiale

6	16/3689	I	11.03.2016	sosial- og helsetjenestene Helsetilsynet - tilsyn med barnevern	tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer - mestring , sanhørighet og håp Landsomfattende tilsyn med samhandling om utskriving av pasienter fra spesialhelsetjenesten til kommunen - oversendelse av rapport Vedrørende rapport 1-2016 fra landsomfattende tilsyn med samhandling om utskriving av pasienter fra spesialisthelsetjenesten til kommunen
7	16/3515	I	11.03.2016	sosial- og helsetjenestene Helsetilsynet - tilsyn med barnevern	



<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
Eldrerådet	26.04.2016	006/16
Helse- og omsorgsutvalg	10.05.2016	015/16
Kommunestyre	02.06.2016	

<b>Endeleg vedtak i:</b> <b>Kommunestyret</b>	<b>Arkivsaknr.:</b> <b>10/1911</b>	<b>Saksansvarleg:</b> <b>Jeanette Jensen</b>
--------------------------------------------------	---------------------------------------	-------------------------------------------------

## **Framlegg til delavtalar Vågsøy kommune og Helse Førde HF til slutthandsaming**

### **Rådmannen si innstilling**

Vågsøy kommune inngår følgjande avtalar med Helse Førde HF i samsvar med vedlegg til saka:

1. Delavtale om tilvising, innlegging og utskrivning
2. Delavtale om pasienttransport
3. Delavtale om samarbeid om den akuttmedisinske kjeda

### **26.04.2016 Eldrerådet**

#### **Møtebehandling:**

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte og svarte på spørsmål.  
Ingen merknad.

### **Votering**

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

ER-006/16

#### **Vedtak:**

Vågsøy kommune inngår følgjande avtalar med Helse Førde HF i samsvar med vedlegg til saka:

1. Delavtale om tilvising, innlegging og utskrivning
2. Delavtale om pasienttransport
3. Delavtale om samarbeid om den akuttmedisinske kjeda

### **10.05.2016 Helse- og omsorgsutvalg**

#### **Møtebehandling:**

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

## Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-015/16

### **Helse- og omsorgsutvalgets innstilling til vedtak:**

Vågsøy kommune inngår følgjande avtalar med Helse Førde HF i samsvar med vedlegg til saka:

1. Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving
2. Delavtale om pasienttransport
3. Delavtale om samarbeid om den akuttmedisinske kjeda

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Helse- og omsorgstenestelova og spesialisthelsetenestelova

### **Bakgrunn for saka**

Det er i inngått rammeavtale med Helse Førde bestemt at det skal utarbeidast delavtalar på

m.a. desse områda:

1. Tilvising, innlegging og utskriving
2. Pasienttransport
3. Samarbeid om den akuttmedisinske kjeda

Nr 1 og 3 er også obligatoriske etter lovverket, og det eksisterer avtalar på desse områda frå tidlegare. Det ligg no føre framlegg til nye, reviderte avtalar. Nr 2 har partane i rammeavtalen blitt samde om å utarbeide, og denne er ny.

### **Saksopplysningar / fakta**

#### **Tilvising, innlegging og utskriving**

Helse Førde og kommunane i fylket har i dag følgjande avtalar innan dette området:

- Delavtale om tilvising og utskriving. Her gjeld kapitlet om utskriving berre for psykisk helsevern. Delavtale om utskriving. Denne gjeld somatikk

Ei felles arbeidsgruppe har utarbeidd framlegg til eit revidert avtaleverk, som omfattar tilvising, innlegging og utskriving i høve til heile helse- og omsorgstenesta (dvs både somatikk og psykiske helsetenester):

Avtalen regulerer på eit relativt konkret plan kva rutinar partane skal ha for sin kommunikasjon og samhandling. Det har i fleire samanhengar vore framheva at det er nyttig og naudsynt, jfr m.a. rapport frå erfaringskonferanse i november 2014.

Avtaleframlegget har vore handsama i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet hausten 2015. Ein grunn til at det har teke ein del tid med vidare oppfølging, er at klausul om innhenting av tilleggsinformasjon ved mangelfull tilvising har vore forsøkt kvalitetssikra. Denne er no utforma slik at den ikkje vil vere i strid med gjeldande regelverk. Delavtalen går no til endeleg handsaming og underskrift hos partane.

#### **Pasienttransport**

Også her har ei arbeidsgruppe med representantar for partane utarbeidd eit avtaleframlegg

med bakgrunn i gjeldande rammeavtale.

Avtalen avklarar partane sitt ansvar og inneber forplikting til visse rutinar der det tidlegare kan ha vore ein del uvisse og varierende praksis.

Avtaleframlegget har vore handsama i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet hausten 2015. Avtalen er samordna med delavtale om tilvising, innlegging og utskriving. Grunnen til at det har teke ein del tid med vidare oppfølging, er at ein har ønskt desse avtalane framlagt til same tid. Delavtalen går no til endeleg handsaming og underskrift hos partane.

### **Samarbeid om den akuttmedisinske kjeda**

Helse Førde har sidan 2012 hatt ein avtale med kommunane i fylket om samarbeid om den akuttmedisinske kjeda. Dette er ein av dei obligatoriske avtalane etter helse- og omsorgstenestelova.

Avtalen vart utarbeidd i løpet av kort tid, og det har vore føresetnaden at avtalen seinare skulle reviderast og konkretiserast

Ei felles arbeidsgruppe har utarbeidd framlegg til revidert delavtale. Rutinar for bruk av naudnettet, godkjent i koordineringsrådet den 04.09.14, er omfatta og følger som vedlegg til avtaleframlegget.

Det har frå sentrale styresmakter vore høgt prioritert at partane lokalt skal inngå avtalar på dette området, m.a. som grunnlag for felles planlegging av dei akuttmedisinske tenestene. For oppfølging av avtalen, arbeid med utfyllande rutinar, samarbeid om opplæring m.v. er det framlegg om etablering av eit felles akuttmedisinsk forum i fylket.

Avtaleframlegget har vore handsama i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet hausten 2015. Ein grunn til at det har teke ein del tid med vidare oppfølging er at Helse Vest i ettertid har innført felles triagesystem for helseføretaka, og det har vore naudsynt å gjere tilpassing til dette i avtaleteksten. Delavtalen går no til endeleg handsaming og underskrift hos partane.

## **Vurdering / konsekvensar**

Alle avtaleframlegga er ei oppfølging av føresetnader nedfelt i gjeldande rammeavtale mellom kommunen og Helse Førde. Dei må og vurderast som naudsynte for å tilfredsstillе på ein god måte krava i helse- og omsorgstenestelova § 6 om samarbeidsavtalar mellom spesialist- og kommunehelsetenesta.

Rådmannen ser det difor slik at kommunen bør inngå desse avtalane med Helse Førde.

Avtalane har i tillegg til felles arbeidsgrupper vore grundig vurderte i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet, som også er felles arenaer for kommunane og Helse Førde.

Det er ønskjeleg at desse avtalane er mest mogleg like frå kommune til kommune.

Rådmannen vurderer avtaleframlegga som tenlege for å fremme samhandlinga på viktige område og vil tilrå at kommunen skriv under på avtalane slik dei ligg føre.

#### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
186932	Delavtale om pasienttransport.pdf
186933	Delavtale om den akuttmedisinske kjeda.pdf
186931	Delavtale tilvising-innlegging og utskriving.pdf





SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	08.03.2016	010/16
Formannskap	10.03.2016	041/16
Kommunestyre	07.04.2016	033/16
Helse- og omsorgsutvalg	10.05.2016	016/16
Kommunestyre	02.06.2016	

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 09/1488	<b>Saksansvarleg:</b> Jeanette Jensen
-------------------------------------------	--------------------------------	------------------------------------------

## Seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar. Organisering og finansiering av hjelpetilbod

### Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune ønskjer ikkje å slutte seg til hjelpeordninga for vald i nære relasjonar (VNR), lokalisert til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt i Førde.
2. Forventa økonomisk bidrag på 87.000 vert å nytte til å styrke lokal kompetanse for å ivareta kommunen sitt ansvar for vald i nære relasjonar.

### 08.03.2016 Helse- og omsorgsutvalg

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Jeanette Jensen og ordfører Kristin Maurstad orienterte.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-010/16

#### Helse- og omsorgsutvalgets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommune ønskjer ikkje å slutte seg til hjelpeordninga for vald i nære relasjonar (VNR), lokalisert til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt i Førde.
2. Forventa økonomisk bidrag på 87.000 vert å nytte til å styrke lokal kompetanse for å ivareta kommunen sitt ansvar for vald i nære relasjonar.

### 10.03.2016 Formannskap

## **Møtebehandling:**

Ordfører Kristin Maurstad, rådmann Knut Ove Leite og kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

Ordføreren kommenterte feilnummerering i vedtaket i HS-sak 010/16.  
Administrasjonen retter opp.

AP v/repr. Frode Kupa ønsker orientering av kommunelege i Kommunestyremøtet den 07.04.2016.

## **Votering**

Helse- og omsorgsutvalgets innstilling vedtatt mot 3 stemmer.

F-041/16

## **Formannskapetets innstilling til vedtak:**

1. Vågsøy kommune ønsker ikke å slutte seg til hjelpeordninga for vold i nære relasjonar (VNR), lokalisert til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt i Førde.
2. Forventa økonomisk bidrag på 87.000 vert å nytte til å styrke lokal kompetanse for å ivareta kommunen sitt ansvar for vold i nære relasjoner.

## **07.04.2016 Kommunestyre**

### **Møtebehandling:**

Kommunelege 1 Trond Inseth orienterte.

H v/repr. Elisabeth Elliott fremmet følgende endringsforslag til formannskapetets innstilling:

- «
1. Vågsøy kommune ønsker å slutte seg til hjelpeordninga for vold i nære relasjoner (VNR), lokalisert til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt i Førde.
  2. Det skal utarbeides lokale rutiner og kompetanseheving for å sikre at ofrene ivaretas på en god måte før videre henvisning til overgrepsmottaket.»

H v/repr. Ørjan Kvalheim fremmet utsettelsesforslag og ber om at helse- og omsorgsutvalget får saken i retur for ny behandling.

## **Votering**

Det ble votert over utsettelsesforslaget fremmet av H v/repr. Ørjan Kvalheim. Utsettelsesforslaget enstemmig vedtatt.

K-033/16

### **Vedtak:**

Saken utsettes. Saken returneres til helse- og omsorgsutvalget for ny behandling.

## **10.05.2016 Helse- og omsorgsutvalg**

### **Møtebehandling:**

Kommunelege 1 Trond Inseth og kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

V v/repr. Mona Alvestad fremmet følgende endringsforslag til pkt. 2:

«2. Forventa økonomisk bidrag på 87.000 vert å nytte til å styrke lokal kompetanse, både kommunalt og ved Nordfjord legevakt, for å ivareta kommunen sitt ansvar for vold i nære relasjonar»

## Votering

Pkt. 2 i Formannskapetets innstilling ble votert alternativt over endringsforslag fra repr. Alvestad. Endringsforslaget fra Venstre ble enstemmig vedtatt.

Pkt. 1 i Formannskapetets innstilling ble enstemmig vedtatt.

HS-016/16

## Helse- og omsorgsutvalgets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommune ønskjer ikkje å slutte seg til hjelpeordninga for vald i nære relasjonar (VNR), lokalisert til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt i Førde.
2. Forventa økonomisk bidrag på 87.000 vert å nytte til å styrke lokal kompetanse, både kommunalt og ved Nordfjord legevakt, for å ivareta kommunen sitt ansvar for vold i nære relasjonar.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

- Stortingsmelding nr 15 (2012-2013): «Forebyggelse og bekjempelse av vold i nære relasjonar»
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester 2012
- Akuttmedisinforskrifta, 2015

## Bakgrunn for saka

Vågsøy kommunestyre gjorde 21.03.2013 i sak 021/13 vedtak om å slutte seg til eit felles overgrepsmottak for alle kommunane i fylket knytt til Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt (SYS IKL). Dette var eit overgrepsmottak for personar utsett for seksuell vald. Utgiftene har vore fordelt slik: 25% delt likt og 75% delt etter folketal.

Frå 1. januar 2016 er ansvaret for seksuelle overgrep (SO) lagt til helseføretaka. Medan ansvaret for vald i nære relasjonar ( VNR) fortsatt ligg til kommunane.

Helse Førde og SYS IKL har, i samråd med fylkesstyret i KS, kome med forslag til ein modell der overgrepsmottaket i fylket vert drifta vidare av SYS IKL, og betalinga vert delt mellom kommunane og helseføretaket etter estimert tal saker for dei ulike pasientgruppene.

I budsjettet for 2016 vedtok Vågsøy kommunestyre å ta ut økonomisk støtte til overgrepsmottak grunna at ansvaret for seksuelle overgrep (SO) no er overført til helseføretaka.

Kvar kommune må no ta stilling til følgjande:

- om dei vil sentralisere vald i nære relasjonar (VNR) til SYS-IKL
- dersom ja, om dei vil godta den føreslegne organiserings-/kostnadsfordelingsmodellen for både SO- og VNR-saker.

## Saksopplysningar / fakta

Sidan 2013 har Vågsøy Kommune vore med å finansiere overgrepsmottak for personar utsett for seksuell vald (SO) i Sogn og Fjordane.

Det vart på bakgrunn av Stortingsmelding nr.15 (2012-2013) «Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar» fatta vedtak i Stortinget mai 2014 om at helseføretaka skulle ta over ansvaret for SO-saker medan kommunane ved legevaktene fortsatt skulle ha ansvaret for VNR. Frå 1. januar 2016 er ansvaret for seksuelle overgrep (SO) lagt til helseføretaka, ansvaret for vald i nære relasjonar (VNR) ligg fortsatt til kommunane. Intensjonen med reforma har vore å skape eit robust og likeverdig tilbod for overgrepsutsette menneskje i heile landet, uavhengig av bustad. Det har etter dette herska mykje uro kring vidare organisering i heile landet, også i vårt fylke. Det har vore kraftig kritikk av vedtaket frå fagleg hald, då dei ser det som lite fornuftig å splitte opp ansvaret for desse saksområda av fleire årsaker:

- VNR-saker inneber ofte og seksuelle overgrep
- Den rettsmedisinske delen av arbeidet er likt på begge saksområda
- Bygging av kompetanse og relevant erfaring vil mange stader i landet krevje at ein har ansvaret for begge saksområda for å få nok mengdeerfaring
- VNR-saker er oftast tyngre saker enn SO-saker, då det inneber overgrepssaker som har vart over tid, og der risiko for nye overgrep er mykje meir til stades enn ved SO-saker

På same tid er det i den nye akuttmedisinforskrifta gjeve bod om at legevaktslegar og personell innan 5 år må skaffe seg ein viss grunnkompetanse innan VNR, ved å gjennomføre eit 4-timars elæringskurs innan feltet. Dette kurset gjev ei innføring i problematikken, men inga opplæring i sentrale moment som sporsikring, sporhandtering, skrivning av fagleg rettsprotokoll, tryggleiksvurdering og handtering av overgrepsutsette menneske.

#### **Fordelane med å oppretthalde eit lokalt tilbod:**

- Nordfjord legevakt og legevaktformidling vert fagleg styrka.
- Den samla kompetansen i helsetilboda i Nordfjord vert fagleg styrka
- Det faglege fokuset på vald i nære relasjonar (i alle ledd i helsetenestene) vil verke førebyggjande, og vald vil lettare kunne oppdagast på eit tidleg tidspunkt (systematisk tilnærming og metodikk både når det gjeld fysiske skadar og psykiske problem)
- KAD-sengene kan inkludrast i tilbodet
- Eit lokalt tilbod kan lett knytast opp mot den lokale spesialisthelsetenesta. Ambulant team har t.d. beredskap heile døgnet, og det kan etablerast anna forplikande samarbeid med Nordfjord psykiatrisenter når det gjeld oppfølging og behandling.

Helse Førde og SYS IKL har, i samråd med fylkesstyret i KS, kome med forslag til ein modell der overgrepsmottaket i fylket vert drifta vidare av SYS IKL. Planen er då at både SO saker og VNR saker skal handterast her. Fleire andre overgrepsmottak i landet har lagt seg på ei liknande løysing, mellom anna Nordland (lokalisert til Bodø) og Sunnmøre (lokalisert til Ålesund).

#### **Fordelane ved å samle seg om eit felles overgrepsmottak i fylket:**

- Ein bygger vidare på eksisterande fagmiljø, der dei som er tilsette ynskjer å arbeide med denne pasientgruppa
- Ein får eit samla fagmiljø som tek i vare både SO- og VNR-utsette menneskje
- Ein får eit fagleg robust tilbod til dei overgrepsutsette
- Ein sikrar rettstryggleiken til både SO- og VNR-utsette
- Ein får best mogleg røynsle hos dei som arbeider ved mottaket, då det i eit så lite fylke som vårt vil vere ein klar fordel å sikre at flest mogleg saker vert handterte av dei same personane, for at erfaring innan praktisk rettsmedisin vert bygd opp.

Betalinga vert delt mellom kommunane og helseføretaket. Grunnlaget for beregninga og delinga av utgiftene er dei tal saker for dei ulike pasientgruppene som ein kjenner per i dag. Grunnlaget for fordelinga av saker er opplysningar frå overgrepsmottaket om tal SO-saker og opplysningar frå politiet i Sogn og Fjordane om tal VNR-saker. Ved overgrepsmottaket har det vorte handsama ca 15 SO-saker pr år og politiet meiner dei har ca 25 VNR-saker pr år som må til ei kvalifisert rettsmedisinsk undersøking for naudsynt sporsikring. Dei har difor gått ut frå denne fordelinga for det første driftsåret 2016. Røynsle frå dei overgrepsmottak som har hatt begge sakstyper over ei viss tid tilseier at om lag 70% av sakene er SO-saker, 30% er VNR-saker.

Kostnadsfordeling mellom kommunane skal gjerast ut frå 25% fast og 75% etter folketal, som tidlegare. Oversikt i tabell under.

Total kostnad		<b>2 675 940</b>
15 saker - kostnad Helse Førde		1 003 478
25 saker - kostnad kommunane		<b>1 672 463</b>
kontroll		2 675 940
25% fordelt likt på kommunane		<b>418 116</b>
75% fordelt etter folketal		<b>1 254 347</b>
1 672 463		
Folketal pr 01 01 15 Sogn og Fjordane	Kostand pr kommune pr år	kostnad pr kommune pr mn
1401 Flora 11862	155 222	12 935
1411 Gulen 2335	43 987	3 666
1412 Solund 800	26 065	2 172
1413 Hyllestad 1405	33 129	2 761
1416 Høyanger 4169	65 401	5 450
1417 Vik 2678	47 992	3 999
1418 Balestrand 1304	31 950	2 662
1419 Leikanger 2276	43 299	3 608
1420 Sogndal 7677	106 359	8 863
1422 Lærdal 2146	41 781	3 482
1424 Årdal 5429	80 112	6 676
1426 Luster 5118	76 481	6 373
1428 Askvoll 3008	51 845	4 320
1429 Fjaler 2823	49 685	4 140
1430 Gaular 2960	51 285	4 274
1431 Jølster 3026	52 055	4 338
1432 Førde 12801	166 186	13 849
1433 Naustdal 2777	49 148	4 096
1438 Bremange 3890	62 143	5 179
1439 Vågsøy 6082	87 736	7 311
1441 Selje 2752	48 856	4 071
1443 Eid 5987	86 627	7 219
1444 Hornindal 1221	30 981	2 582
1445 Gloppen 5751	83 872	6 989
1449 Stryn 7155	100 264	8 355
107432	1 672 463	139 372

#### Økonomiske konsekvensar:

Deltaking i felles overgrepsmottak vil koste Vågsøy kommune kr 87 736 i 2016.

#### Vurdering / konsekvensar

Vågsøy kommunen er lovpålagt å ha et forsvarlig tilbud til alle som bur eller oppheld seg i kommunen. I dette ligg det også at vi skal sikre at menneske som vert utsett for seksuelle overgrep(SO) eller vold i nære relasjonar(VNR) vert handtert på ein fagleg god og sikker måte. God og kunnskapsbasert sporsikring og sporhandtering, og evna til å framstille ein overgrepssituasjon på ein haldbar og konsistent måte er heilt sentralt for å få gjerningsmenn dømde for sine handlingar, og at overgrepsutsette får si rettstryggleik teke i vare. Handtering av VNR er også komplekst og det er omfattande krav til både kompetanse -oppbygging og vedlikehald av ferdigheter. Frå 1. januar 2016 er ansvaret for seksuelle overgrep (SO) lagt til

helseføretaka, ansvaret for vald i nære relasjonar (VNR) ligg fortsatt til kommunane. I dei tilfeller der VNR-saker involverer SO er det ei oppgåve for spesialisthelsetenesta. Når det gjeld barn er fordelinga i Helse Vest slik: dei som er over 16 år vert teken hand om av overgrepsmottaket, dei som er under 16 år vert teken hand om av barneavdelinga ved Haukeland Sjukehus.

I media er saka den seinare tid vorte framstilt som om overgrepsutsette i fylket ikkje vil få god nok hjelp dersom overgrepsmottaket vert lagt ned. Dette er til dels feil, då ansvaret for SO-saker er lagt til helseføretaket og ein må kunne forutsette at dei tek ansvaret sitt på alvor og opprettar eit fagleg godt tilbod til dei som er utsett for seksuelle overgrep. Fram til denne tid har kommunane hatt ansvar for VNR-sakene og vi har ikkje motteke dokumentasjon eller innspel på at dette ikkje har vore handtert godt nok i kommunane fram til denne tid.

Spørsmålet kom først når det vart sett fokus på å legge ned overgrepsmottaket som ikkje har hatt VNR-sakene fram til i dag.

Det er likevel ikkje vanskeleg å tenke seg at det er eit fagleg godt argument å samle desse oppgåvene til eit mottak. Kompetanse på eit slikt felt vil bestå av både teoretisk kunnskap og erfaring med slikt arbeid. Spørsmålet vert heller om personar som er utsett for VNR vil reise til Førde for undersøking og sporsikring. Erfaring frå legane og legevakt er at utfordringa er å avdekke VNR og dei meiner det truleg vil vere sjeldan at den voldsutsette vil reise vidare for undersøking. Dei meiner det er viktig at legane og legevakt lokalt (interkommunalt) aukar kunnskapen om VNR og at ein utarbeider prosedyrar ved legevakta som sikrar dokumentasjon av skadar osv.

Ein kan og undre seg over at det her vert lagt til grunn ei omvendt økonomisk fordeling i Sogn og Fjordane av VNR og SO saker enn erfaring frå andre overgrepsmottak. Det betyr at ein større del av kostnadane fell på kommunane i staden for på spesialisthelsetenesta. Kommunane vil da måtte betale store deler av beredskaps-kostnadene knytt til eit felles mottak..

I nettverksmøte for kommunalsjefar i helse- sosial- og omsorgssektoren i Nordfjord 22.01.16 vart saka diskutert. Kommunalsjefane er skeptiske til den nye organiseringa då ein meiner at kostnadsfordelinga mellom kommunane og helseføretaket er urimeleg. Ein er også usikre på om dette er eit tilbod som vil verte nytta av andre enn dei som kjem til legevaktssentralen SYS IKL. Styringsgruppa i Nordfjord legevakt drøfta saka i møte måndag den 08.02.16, og var samde om at Nordfjord legevakt, som no har legevaktformidling heile døgnet og legevakt kveld/natt/helg, vil kunne meistre å fortsatt ta seg av pasientar utsett for vald i nære relasjonar på ein profesjonell måte.

Fylkesmøte i KS Sogn og Fjordane – KS sitt høgste organ i fylket - samla 9. februar med 42 av 50 mulege representantar frammøtt – vedtok samrøystes uttale i høve framlegget til vidare drift av overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane. Vedtaket som vart gjort ligg som vedlegg i saka

Vedlegg:

Dok.nr  
185812  
180807

Tittel på vedlegg  
Sak 16-2 Vidare drift av overgrepsmottaket.pdf  
Til rådmann, overgrepsmottak og VNR-mottak frå 2016t.doc

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	26.06.2009	Helse Førde HF	Informasjon om finansiering av overgrepsmottak/voldtektmottak i Sogn og Fjordane
2	I	02.08.2011	FSS	Utkast til plan for overgrepsmottak for Sogn og Fjordane
4	U	28.11.2011	Førde Sentralsjukehus SYS IKL	Høringsuttale til plan for overgrepsmottak i Sogn og Fjordane

5	I	01.12.2011	Førde Sentralsjukehus SYS IKL	Tilbakemelding om høringsuttale til plan for overgrepsmottak i Sogn og Fjordane
6	I	08.03.2012	Selje kommune	Plan for overgrepsmottak i Sogn og Fjordane
7	I	01.06.2012	Jan Ryste	Sak til politisk handsaming i kommunane: Plan for mellombels ordning for overgrepsmottak for kvinner utsett for seksuell vold - Tilslutnad til ordninga
9	I	13.06.2012	Kommunenenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Sak til politisk handsaming i kommunane: Plan for mellombels ordning for overgrepsmottak for kvinner utsette for seksuell vold - tilslutnad til ordninga
10	U	26.06.2012	Kommunenenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Overgrepsmottak/voldtektsmottak i Sogn og Fjordane - Vedtak i Kommunestyre 20.06.2012 - Sak 042/12
11	I	05.10.2012	Kommunenenes Sentralforbund	Orientering om mellombels overgrepsmottak ved legevakta i Førde.
12	I	04.01.2013	Kommunenenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Godtgjering for planarbeid i samband med etablering av overgrepsmottak.
14	I	08.02.2013	Kommunenenes Sentralforbund	Overgrepsmottak - saksutgreiing med forslag til vedtak i høve handsaming i kommunane
16	U	26.03.2013	Kommunenenes Sentralforbund; FSS	Vedtak i sak vedr. Overgrepsmottak/voldtektsmottak i Sogn og Fjordane
17	I	18.06.2013	Svanhild Mosebakken	Status og vidare framdrift vedrørande etablering av overgrepsmottak
19	I	03.11.2015	Førde kommune	Til rådmann, overgrepsmottak og VNR-mottak frå 2016
18	I	04.11.2015	Kommunenenes Sentralforbund	Vidare drift av overgrepsmottak i Sogn og Fjordane
21	I	11.02.2016	Kommunenenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Særutskrift av sak 16-2 Vidare drift av overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane
24	I	11.02.2016	Kommunenenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Fylkesmøte i KS Sogn og Fjordane 09022016 - særutskrift av sak 16-2 Vidare drift av overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane
22	I	23.02.2016	FSS	Overgrepsmottak - vedr. økonomisk støtte frå kommunane
25	I	31.03.2016	Helge Ulvestad	Overgrepsmottak - etterspurnad etter vidareframdrift og deltaging
26	I	31.03.2016	Eid kommune	Seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar - Melding om vedtak
27	U	08.04.2016	Helge Ulvestad	Overgrepsmottak - etterspurnad etter vidareframdrift og deltaging
28	I	25.04.2016	Selje kommune	Melding om vedtak - Seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar - Organisering og finansiering av hjelpetilbod



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	10.05.2016	017/16

<b>Endelig vedtak i:</b> Helse- og omsorgsutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 16/147	<b>Saksansvarlig:</b> Jeanette Jensen
-----------------------------------------------------	-------------------------------	------------------------------------------

## Drøftingssak - Videre drøfting av dagsenter for eldre på Skaretun og Bryggja

### 10.05.2016 Helse- og omsorgsutvalg

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

Grunnet misforståelse ble det ikke til at representanter fra Helse- og omsorgsutvalget deltok på Eldrerådet sitt møte den 26.04.2016.

Repr. Roger B. Silden har avtalt med Eldrerådets leder, Roar Lørdøen, at Silden og repr. Sølvi Lofnes Bakke vil delta på Eldrerådet sitt møte den 06.06.2016. Referat fra dette møtet vil bli gitt de resterende medlemmene i Helse- og omsorgsutvalget den 07.06.2016.

#### Votering:

Ingen votering.

HS-017/16

#### Vedtak:

Ingen vedtak.



